



Bøvågen Mat AS  
5937 BØVÅGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 19/731 - 19/5421

Saksbehandlar:  
Anne Dahle Austrheim  
anne.dahle.austrheim@radoy.kommune.no

Dato:  
02.04.2019

## Førehandsvarsel om tildeling av prikkar etter alkoholforskrifta § 10-3

Radøy kommune har den 01.04.2019 mottatt rapport frå kontroll av salsløyve frå Alkoholkontrollen. Rapporten er signert av kontrollør og ein ansvarleg frå dykkar verksemd.

I rapporten kjem det fram brot på §3-3 i Forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v (alkoholforskriften). Ved eit slikt brot er konsekvensen at kommunen skal tildela 1 prikk, jfr § 10-3, 4. ledd.

Før vedtak om prikk(ar) vert gjort skal kommunen senda ut førehandsvarsel, og kan bevillingshavar få høve til å uttala seg, jf. forvaltningslova §16. Frist for å gje uttale og evt. kommentarar er sett til 10 dagar, og kan sendast Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger eller på e-post: [postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no).

Spørsmål kan rettast til Kultur- og sørvistorget v/ Anne Dahle Austrheim , tlf. 56 34 90 00.

### Generell informasjon om prikktildeing

Frå 1.1.2016 har Stortinget vedteke nye normerte reglar for inndraging av sals- og skjenkeløyve. *Prikktildeingssystemet* er omgrepet for dei nye reglane som ein finn i alkoholforskrifta kapittel 10 og er knytt til alkohollova §1-8.

Før var det ei skjønsmessig vurdering som vart lagt til grunn for inndraging av løyve, medan det no er eit obligatorisk og nasjonalt system som skal sikra meir effektiv oppfølging av regelbrot og ei likebehandling som er føreseieleg.

Hovudtrekka i prikktildeingssystemet er at:

- Ved brot på pliktene skal prikkar tildelast etter §10-3 i alkoholforskrifta. I §10-4 vert det gjeve ei snever opning for å gjera vedtak om færre eller fleire prikkar enn skildra i §10-4. Dette gjeld ved svært skjerpande eller svært formidlande omstende.
- To likearta brot som vert avdekka i same kontroll skal reknast som eitt einskild brot.
- Dersom løyveharar er tildelt totalt 12 prikkar i løpet av ein periode på to år, skal kommunestyret inndra løyve for eit tidsrom på ei veke. Ved einskildhøve og ambulerande skjenkeløyve vert det gjeve avslag på neste søknad.
- Eit einskild brot kan maksimalt gje åtte prikkar.

Fylkesmannen er klageinstans. Ein kan velja å venta med å klaga til ein eventuelt får 12 prikkar. Klageretten går altså ikkje ut på dato, men ein kan ikkje klaga på nytt på prikkar som ein alt har vore i gjennom ei klagehandsaming.

Med helsing

Jarle Landås  
rådmann

Anne Dahle Austrheim  
leiar kultur- og sørvistorget

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Bøvågen Mat AS

5937

BØVÅGEN